

# BOKN BYGDEBLAD


NR. 7 - AUG./SEPT. 1987. ÅRG. 2

## KOMBISENTERET I DRIFT!

1.august i år flytta kommunen inn i kombibygget. Det vil seia at dei fleste kommunale etatar nå er innflytte, inkludert sjukestova.


Dei andre leigetakarane - trygdekontor, likningskontor, postkontor og bank er også innflytte.

Totalt er bygget på 1.875 m<sup>2</sup> og er kostnadsrekna til 15 mill. kr.



FASADE NORD-ÖST

## Bokn Fiskemottak A/S



Bokn Fiskemottak A/S er nå på det nærmeste klar for produksjonsstart, og reknar med oppstart i september.  
Les s. 7.

## KORPSTUREN TIL ENGLAND

Den 16.juni, etter mange kakelotteri og møter med musikantar og foreldre, sette skulekorpset kursen for England. Det var litt av ein stabel med musikkinstrument og koffertar på Westamaranen; men me fekk alt med oss både på og av båten. Vel framkomne i Stavanger var det å bera alt på land og fram til bussen. Så var det å stua inn i bussen og av garde bar det til Kristiansand. På Utsikten var det ein kort stans, og dei norske kronene byrja alt å brenna i lommebøkene på somme av Englandsfararane.

Så kom me då fram til Kristiansand til slutt, og då var det den same leksa om att; ut or bussen med alle koffertane og instrumenta og inn i ein kontainer med dei. Berre håndbagasjen tok kvar med seg ombord. Speleautomatane om bord på Bolero hadde ei magnetisk tiltrekningskraft på dei fleste av musikantane, og betre skulle det ikkje bli seinare. Overfarten frå Kristiansand til Harwich gjekk ganske greitt den, sjølv om den vart lang, heile 7 timer lengre enn berekna grunna maskinvanskars. Me fekk då ringt til reisebyrået og sagt kva tid me kom til England; og bussen sto på kaien då me endeleg kom fram, gode og mette etter eit gratis koldtbord frå Rederiet. Dei som skulle vidare med tog fekk større problem enn oss. Dei måtte overnatta på venterommet på kaien, medan me entra bussen. Men først måtte me ned og henta opp all bagasjen or kontaineren, og så slepa han med oss opp trapper og ned trapper og i lange korridorar. Det var noko dei engelske tollarane hadde bestemt. Midt på natta kom me så fram til Eastbourne og til hotella der me skulle bu medan vi var i England. Me vart hjarteleg tekne i mot av vertskapet som hadde fått telefon frå reisebyrået om forseinkinga. Dei trudde me var svoltne og hadde smurt ein masse smørbrød til oss. Langt på natt kom me oss då endeleg til køys. Dei neste dagane gjekk med til å gjera seg kjende i Eastbourne. I mest kvart stormagasin ein gjekk inn i møtte ein Boknarar som bar på bereposar, anten det no var klede som var så mykje billegare i England enn i Noreg, eller det var kosmetikk som var så billig at ein simpelt hen var heilt nødt til å handla.

Andre musikantar, og det helst gutane, fann fort fram til speleautomatane. Det var eit stort bygg på ein pir som var heilt fullt av automatar, og det var nok her ein god del la att dei fleste av spennepengane sine - om dei då ikkje vart etne opp i form av pølser, is og hamburgerar.

Fredag 19.juni skulle me ha den første korpskonserten, men då regna det, så me utsette spelingsa til dagen etter. Då var veret betre, og tilslutt hadde alle fått på seg uniformane, funne fram notene og instrumenta. Så var det å traska av garde til den gamleheimen der me skulle spela. Dei ynskte nok at dei hadde spela kornett - bassistane som sleit både på instrument, noter og notestativ. Konserten gjekk ikkje så aller verst, sjølv om notene ikkje alltid ville liggja på plass i den sterke vinden. Dei gamle sette i alle fall pris på musikken. Eg såg meir enn ein som tromma takten med fingrane under konserten.

Den neste konserten hadde me i ein dyrepark. Der gjekk spelingsa mykje betre. Der fekk musikantane sitje på klappstolar og vind var der mest ikkje så notene heldt seg i ro på stativa. Etter konserten drog me på sightseeing til landsbyane rundt Eastbourne. Me hadde og ein stans slik at me fekk liggja i graset øvst på klippene og sjå ned på sjøen langt under oss.

Måndag 22.juni sette me oss i bussen att med London som mål. Reisa vart heller lang og vergudane var ikkje på vår side, men me fekk då ein tur innom Vokskabinetet og ein liten tur til fots i gatene før me snigla oss fram i Londontrafikken og fekk sjå Big Ben og andre kjende stadar frå bussvindaugen. Så delte me oss. Nokre drog til teknisk museum medan dei andre drog til dyrehagen, - før me sette oss i bussen att og tok fatt på den lange turen tilbake til Eastbourne.

Den engelske maten var nok dei fleste ikkje van med, men han fall visst i smak hos dei fleste, særleg då den engelske frokosten med speilegg, pølse og bacon. Dei vaksne trakk nok mest på nasen over kaffien som i alle fall var sterk nok.

Musikantane synte ei fin framferd og dei heldt dei avtalane me hadde med dei. Det å vera reiselei var heile tida ei kjekk oppgåve som me ikkje hadde trонge grua oss til.

Eg får runda av slik ungane plar slutta stilane sine: "Alle var me samde om at me hadde hatt ein alle tiders tur."

For Bokn Skulekorps

Arvid Jøsang

### Namn på KOMBI BYGGET

Bokn Bygdeblad har tidlegare utlyst nammekonkurranse på Kombibygget. Det kom inn så få framlegg at kommunen på ny vil lysa ut tevling om namn.

Har du eit godt framlegg til namn på kombibygget?  
Skjerp hjernen og kom med framlegg. Send det til Bokn formannskap innan 15. september.  
Beste framlegg blir premiert.

### VALMØTE

i gym.salen på Bokn skule tirsdag den 01.09. kl. 19.15.

Panel med representantar frå kvart av dei politiske partia som stiller liste i Bokn.

ORDSKIFTE, spørsmål frå salen.

Kaffi m.m.

Ta kontakt med eit av dei politiske partia viss du treng skyss til eller frå møtet.

Det er ordna med skyss attende til Austre Bokn.

MØT FRAM, NYTT SJANSEN TIL Å FA KOMMUNEPOLITIKARANE PA BOKN I TALE.

ARR: BOKN ARBEIDERPARTI  
BOKN HØYRE  
BOKN KRISTELIG FOLKEPARTI  
BOKN SENTERPARTI

# Biblioteket,



## OPNINGSTIDER:

### LESETIPS FOR SEPTEMBER:

- \* Elsi Rydsjö:  
Kristin fra øyene
- \* Elsi Rydsjö:  
Hjemkomsten
- \* Regine Deforges:  
Til min kjære Marie
- \* Jacqueline Briskin:  
Søstrene Sylvander
- \* Agatha Christie:  
Mord på orientekspressen
- \* Ernest Hemingway:  
Edens have
- \* Nils Nordberg:  
Verdens beste kriminalforteklinger

TYSDAG: 16<sup>00</sup> - 19<sup>00</sup>

TORSDAG: 10<sup>00</sup> - 13<sup>00</sup>

NYE TLF. 748500

### bøker for barn :

Hans Peterson:  
Anna, 7 år

Hans Peterson:  
Anna og hemmeligheten


Heather Amery og Peter Wingham:  
I svømmehallen

Anne Civardi og S. Cartwright:  
På bondegården

Clive King:  
Jeg og millionen min



# Gasskraftverk - plassering på gli?



Teikning i Haugesunds Avis

act-

I sommar har både Haugesunds Avis og Statkraft sine argument mot kraftverk-plassering på Ognøy. Stavanger Aftenblad på leiarplass i avisene gått ut og støtta Bokn sitt krav om å få det første gasskraftverket i landet lokalisert til Ognøy i Bokn kommune.

Begge avisene kommenterer NIVA - undersøkinga som slår beina under

Stavanger Aftenblad som klarast støttar Ognøy-alternativet - seier at det er sjeldan ein kan løysa distriktsutbyggingsproblem med så små skadeverknader som i dette tilfellet.

## BOKN SENTERPARTI

### KOMMUNE- og fylkestingsvalg 1987.

Sentralstyremedlem og Fylkespolitikar Unn Arrestad fra Time kommune besøkjer Bokn.

Åpe møte på Bokn skule 8. september kl. 19.15.

Unn Arrestad er kommune- og fylkespolitikar og varamann til Stortinget.

Ho har vore medlem av fylkesskulestyret og har engasjert seg sterkt i Helse- og Sosialsaker.

Ho vil orientera om aktuelle fylkespolitiske saker.

Lokale saker bl.a. Gasskraftverk lokalisert til Ognøy vert drøfta.

Kaffi med noko attåt vert servert.

VEL MØTT!

Bokn senterparti.

# Møte om eldreomsorg - nye tankar.

## SONJA THORBURN TIL BOKN

Torsdag den 17. september inviterer Bokn helse- og sosialstyre til opne møte om eldreomsorg. Sonja Thorburn, som er overlege ved ein langtidsavdeling for eldre i Huddiksvall i Sverige, kjem til Bokn og vil snakka om eldreomsorg og spesielt om haldningane til eldre.

Sonja Thorburn er engasjert i eit eldreomsorgsprosjekt i Rogaland på deltid, og har m.a. vore rundt i dei fleste av Rogalandskommunane.

Den såkalla Huddiksvall - modellen frå Sverige kor Sonja Thorburn har arbeidet sitt, blei godt kjent her for eit par år sidan, og går i hovedtrekk ut på at flest muleg av dei

eldre skal kunna bu heime, og berre ha institusjonsopphald som mellombelts opphaldestad.

I foredraga sine brukar Sonja Thorburn i stor grad å koma inn på haldningane til eldre.

Bokn helse- og sosialstyre inviterer herved alle interesserte til ovan nemde møte som blir i ALLROMMET i Kombibygget torsdag den 17. september kl. 18.30.

Det blir servert kaffi med litt attåt.

Spesielt invitert er politikarar, pensjonistar, pårørande til eldre, tilsette i helse- og sosialektoren.

VEL MØTT!

## BOKN HØYRE

### KOMMUNE-OG FYLKESTINGSVALG 1987

Møt oss på stand i Føresvik og Alvestadkroken Lørdag 29.08.87 og Lørdag 05.09.87.

Bokn høyre

# OPPSTART VED Bokn Fiskemottak A/S



Det er nå tilsett 16 personar (15 kvinner og 1 mann) ved Bokn Fiskemottak A/S ved Knarholmen.

Oppstarten har blitt ein del forsinka, men ein reknar nå med at i første del av september kan arbeidet i bedrifta ta til. Det vil nå stå på utsleppsledning og planering av området kor vidt denne datoен held. Mesteparten av utstyret er levert, og monterings arbeidet er så og seia ferdig. Meir utstyr vil bli kjøpt inn etter kvart.

Første pulje på 4 personar har hatt opplæring i Mølstrevåg. Dei som har vore med, har likt seg godt, og ser fram til å starta opp med arbeidet i bedrifta, som vil gå ut på mottak og vidareforedling for eksportmarknaden.

Dei som har vore til opplæring skal læra opp dei andre tilsette, og det vil også koma inn ekspertar utanfrå i oppstartingsfasen.

Det er dei lokale oppdrettarane som skal levera laks og aure for vidareforedling til eksport.

I sen vil ein produsera sjøl - ca. 5 tonn i døgnet.

Bokn Fiskemottak A/S kan også levera is til folk som har behov for det.

Bokn Fiskemottak har tlf. 74 86 00 fra oppstart.

## BOKN ARBEIDERPARTI 1 september:

Program for Bokn Arbeiderparti på "Radio 102" 2. og 9. september mellom kl.17 og 18.

11. september: Åpent møte på biblioteket på Bokn skole med finansminister Gunnar Berge kl.18.30 - 20. Bevertning.

## NYTT I BOKN. HUDPLEIE

May Elisabeth Alvestad har planar om å starta ein hud- og kroppsterapeut service i Bokn. Ho har det siste året hatt opplæring i dette ved Belizia skolen i Lillesand, og reknar med å bli ferdig med skulen våren 1988.

Ho har starta med å ta imot kunder under skulegangen i dei faga ho etter kvart gjennomfører.

Lokale har ho i kjellaren heime hos seg, og vil ha tilbud om:

Fotpleie, kroppsmassasje, avstressande massasje, ansiktsbehandling, manikyr (håndpleie: sliping, filing av negler m.m.), voksbehandling (hårfjerning), permanent av vipper og bryn (farging), Dei andre som er flytta inn i solarium.

Dagkremar, hårvatn (biologiske kremar) m.m. vert å få kjøpt.

## BOKN KOMMUNE - NYTT TELEFONNUMMER.

Ved overflytting til Kombisenteret fekk Bokn kommune nytt telefonnummer.

Det er eit felles sentralbord med telefonnummer (04) 74 85 00 for desse kontora/etatane:

Formannskapskontor  
Rådmann  
Kommunekasse  
Teknisk etat  
Sosialkontor  
Lege  
Helsesøster  
Heimesjukepleie  
Sjukestova  
Bibliotek  
Næringskonsulent  
Heradsagronom  
Bokn skule  
Skulekontor  
Bokn musikkskule

Dei andre som er flytta inn i Kombisenteret (bank, post, trygdekontor, likningskontor, tannlege) har sine eigne telefonnummer som før.

## BOKN KR.F.

### KOMMUNE- OG FYLKESTINGSVALG 1987

Vi minner om at Kr.F. i Nord-Rogaland har fellessending på radio 102 torsdag 3. september frå kl. 22.00 - 24.00.

Bokn Kr.F. har her ein del av sendetida.

Bokn Kr.F.

**Kommunestyrevalet  
og fylkestings-  
valet 1987**

**FØREHANDSRØYSTING I BOKN KOMMUNE.**

Ein veljar har høve til å røysta på førehand hjå ein røystemottakar når han seier frå at han vert hindra frå å møte sjølv på valtinget.

Førehandsrøysting vil gå for seg på

**FORMANNSKAPSKONTORET**

FRA KL.09.00 - KL.14.00.

**LØRDAG 12.SEPKT.**

FRA KL.10.00 - KL.12.00.

**SØNDAG 13.SEPKT.**

FRA KL.17.00 - KL.20.00.

i tida frå 1.juli 1987 til 13.sept.

**VALTING FOR BOKN KOMMUNE TIL VAL AV  
KOMMUNESTYREREPRESENTANTAR FOR BOKN  
KOMMUNE OG FYLKESTINGSREPRESENTANTAR  
FOR ROGALAND FYLKESKOMMUNE BLIR  
HALDE MÅNDAG DEN 14.  
SEPTEMBER 1987.**

Røystestad: Kyrkjebygda krins,  
på Bokn skule.

Røystetid: frå kl.13.00 - kl.20.00.

Røystestad: Hognaland krins,  
på Hognaland bedehus.

Røystetid: frå kl.13.00 - kl.20.00.

Røystestad: Austre Bokn krins,  
på Austre Bokn skule.

Røystetid: frå kl.13.00 - kl.20.00.

**TILDELING AV TOMT.**

Sigurd Berge har fått tildelt tomt nr.5 i byggefeltet i Føresvik etter gjeldande pris og reglar som er vedtekne av Bokn kommunestyre.

**SYNG MED OSS !**

Bokn Blandakor treng fleire folk,  
særleg hankjønn.

Koret ligg ikkje på latsida når det gjeld opptredenar, og planane for hausten er alt klare.

Øvingane er på måndagar kl.20.00 - kl.21.45 på musikkrommet.

Kom igjen - bli med!

Spørsmål?

Kontakt Jardar

tlf. 74 85 00 (arb)

74 84 02 (priv).

**Hognaland barne-  
forening** har foreningsmøter  
desse dagane:

4. og 18. september

2. og 23. oktober

13. og 27. november

11. desember

# NYORDNING I HELSETENESTA

## Vakt - utrykning

Som kjent er alt pleie- og omsorgspersonale nå tilsett med Bokn sjukestove som base. Her er det sjølsagt vakt døgnet rundt, og hit kan ein vende seg ved sjukdom, skade o.l.

Det vil derfor ikkje bli utsendt vaktlister meir, då ein alltid kan få tak i sjukepleiar ved å ringa 74 85 00.

Tidlegare har heimesjukestova rykt ut til heimane ved sjukdom, skade o.l.

For ettertida må publikum sjøl oppsøkja sjukestova. Inngangen til

sjukestova er på baksida av kombisenteret (vestsida). I særlege tilfelle vil framleis sjukepleiar/lege/ambulanse rykka ut. Helsepersonalet avgjer når dette er naudsynt.

Legeordninga held fram som før med lege kvar tirsdag pluss 2. og siste fredagen i månaden.

For dei som ynskjer å kontakta legevakta direkte, er tlf.nr. 85 25 20 Kopervik kvardager mellom kl.15.00 - 08.00. Lørdag - søndag døgnvakt.

## HELSESTASJONEN

Velkommen i nye lokaler i nybygget.

Inngangen er bak mot skulen.

Nyåpningstid MANDAGER FRA KL.09-12.

MANDAG 31.AUGUST stengt pga. kurs.

HELSING

MARIE



## AURORA A/S

### NYE APNINGSTIDER

MANDAG - TORSDAG	10.00 - 19.00
FREDAG	10.00 - 21.00
LØRDAG	10.00 - 17.00
SØNDAG	15.00 - 21.00

## DAMETRIMMEN

Vi startar oppatt med dametrimmen etter ferien, tirsdag den 25.august til same tid (kl.20.00 - kl. 21.30).

GERD T.

## LEDIGE STILLINGAR



SJUKESTOVA.

Ledig halv stilling som sjukepleiar (natt). Ein viser til ledig avertert stilling i Haugesund Avis og Stavanger Aftenblad den 14.aug.1987. Hjelpepl. og andre kan søkja.

Nærare opplysningar på Bokn sosialkontor tlf. 04-748500. Søknad til Adm.utvalet innan 4. sept. 1987.

## KUNNGJØRING

Da medlemmene av Bokn Viltnevnd på privat initiativ har sett ut harer ber en jegere om at det ikke må drives jakt på hare i jaktsesongen 1987/88 og 1988/89.

Viltnevnda vil også utrykkelig gjøre oppmerksom på at ingen jeger som har løst jaktkort kan drive jakt uten grunneierens tillatelse. Viltnevnda ber om at det blir respektert.

Vær oppmerksom på at det er båndtvang hele året innen Bokn kommune.

BOKN VILTNEMND

Bokn Fiskemottak A/S har ledige deltidsstillingar for 2-3 personar. Arbeidets art gjer at stillingen passar best for menn.

Truleg oppstart primo september.

Henv. Bjørn E. Gundersen,  
tlf. 74 85 01 etter kl.19.00.



# Kunngjøring!



A.UTVIK A/S ÅPNER AVD.KONTOR PÅ BOKN...

Teknisk tegner SOLVEIG GUNDERSEN vil være vår representant på salgs og tegnekontoret. Hun har erfaring fra byggebransjen - og vil bistå med råd for den som skal bygge nytt - eller om...

Kontor sentralt (S R -bygget) - TLF. 748501  
ÅPENT KONTOR - MANDAG OG TORSDAG KL. 17-19

FØRSTE ÅPNINGSDAG: TIRSDAG 1. SEPT. KL. 11<sup>00</sup>

VI SELGER BLINK-HUS



HOVEDKONTOR:



TRELAST- OG BYGGEFORRETNING  
4262 AVALDSNES - TLF 04-843III

## ARRANGEMENT I SEPTEMBER

Fredag 28.aug.:Bingo kl.19.30.  
Arr.:Bokn skulekorps.

Søndag 30.aug.:Norgesmarsjen  
(se oppslag).  
Arr.:Bokn idrettslag.

Mandag 31.aug.:Film.

Tirsdag 1.sept.:Valgmøte.  
Arr.:Bokn Ap.

Lørdag 5.sept.:Dans på Bokn  
skule kl.20.30.Musikk:Rapido.  
Arr.:Bokn idrettslag.

Tirsdag 8.sept.:Valgmøte.  
Arr.:Bokn Sp.

Lørdag 19.sept.:Diskotek.

Fredag 25.sept.:Bingo kl.19.30.  
Arr.:Bokn idrettslag.

Lørdag 3.okt.:Diskotek.

## FOTPLEIE

Det blir fotpleie onsdag den 9.  
september i Helsecenteret,Kombi-  
bygget.  
Påmelding sosialkontoret, tlf.  
74 85 00 snarast.

ER DINE VERDISAKER

TRYGT PLASSERT?

Frå 15.september kan du leige bankboks i SR-Bank Bokn.

Vi har brann og innbrotssikkert  
skap med 46 boksar i 3 ulike storleikar.

Velkommen i banken!

